



Sak nr 17/2009

Møtedato: 9.3.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 860

S 860, Flyin – søknad om tilbygg på sel

Jon Magnus Øyen søker om å få føre opp tilbygg på selet. Arealet på nytt sel blir 62 m² (BRA).

Søkjaren har ca 55 vinterfora sau og det blir slept ca 140 sau på beite ved Flyin. Stølen blir brukt til beite og slått. Etter stølsforskrifta er stølen då i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er sendt til Statskog og Oppland fylkeskommune til uttale med opplysning om fjellstyret sin møtedato.

Oppland fylkeskommune har ingen merknader til søknaden. Statskog har ikkje gjeve uttale til søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.3.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jon Magnus Øyen
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune